

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lindås.

Emne: Bålbrenning på visse dagar
i året.

Bygdelag:

Oppskr. av: Martin Toft

Gard: Toft.

(adresse):

G.nr. 18 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namn.

1. Bålet vert kalla såte. T. d. Jonsoksåte, ~~såte~~
2. Jonsok er i ein serstilling, til andre tider når ein gjer opp eld i "kvist og kvast" eller andre brennbare ting som ein har sankt saman i ein dunge kallar ein det eit bål.- endå til nemninga olsokbål vert allstøtt nytta, aldri olsoksåte.
3. Dei ulike namn seier ingen ting om storleiken.

Tida.

Spørsmål 4,5, 6, 7 kan ein ikkje gje noko opplysning om då ein ikkje har høyrte at dei gjorde bål opp korkje i jolehelga eller påskehelga.

8. Dei brende bål jonsokafta - det ~~er~~ ~~er~~ ein skikk som er vanleg i dag også, olsokbål er vorte meir sjeldan
9. Den fyrste dagen me løyste kyrne, gjøtte me dei ute i marka. Då fekk borna lov til å ta fyrstikker med så dei kunne kveikja i einebyskje eller kvist eller bar dei sankt saman. Hovudsaka var at det vart mykje røyk av det. Dei kalla det å "daura" eller "baura".
10. Me hadde ikkje noko kankar for kvar røyken for, og høyrde aldri dei vaksne sa noko om det. For borna var det meir som ein lek, og eg trur dei vaksne

- 2
- såg på det slik og, men det er mykje truleg at denne skikken hadde samband med ovtru frå farne tider.
11. Ein kan vel ikkje kalla det bål den elden dei gjorde opp den dagen dei løyste kyrne - dei hadde ikkje laga noko såte på fyrehand, og det var helst einer som stod på rot som vart brend eller rettare, avsvidd. Det hadde ikkje noko samband med jonsoksåta. Jonsoksåta tende dei i sjølve jonsokafta etteratt ~~ix~~ det var vorte myrkt, d. v. s. midnatt.
12. Det var om dagen dei "baura" for kyrne.
13. Det var ikkje noko viss tid bålet skulle brenna.

Staden.

14. Jonsoksåta brende dei på visse stader - på ein ~~høg~~ høgder der det var god utsyn. Dei fleste gardar med mange bruk hadde sin bålstad. Bålstaden for garden her, Toft eller Tufte, som han heitte i eldre tider, vert kalla Tuftekletten. På grannegarden, som heiter Askeland, vert bålstaden kalla Kallekletten. Det hender nok at eldre folk kalla jonsoksåta for jonsokkallen.
15. Det var så sjeldan dei brende olsokbål at ein knapt kan kalla det skikk. Staden for desse båla var ikkje så bunden til visse stader som t.d. jonsokbåla.
16. På gardar der dei ~~gardxxxx~~ ikkje hadde høveleg høgder eller klett for bålet, slo dei seg saman med næraste garden som hadde ein slik stad.
17. Ein veit ikkje om at dei brende bål ved grindane. Dei som steller med bålet og tenner det.
18. Det er ungdom og større born som er med og brenner bål.

19. Dei ville gjerne ha gjenter med, men det var sjeldan gifte folk tok del.
20. Det er ungdom og større born som er med å brenner dei større bål, mindre born har ofte ei mindre såte nede med bøgarden. Med dei er det oftast foreldre med. Desse brenner såta si tidlegare på kvelden.
21. Ungdomslaga slær lag med dei andre ved desse høva.
22. Her er ikkje sagbruks- eller fabrikkengarar.

Korleis dei bygde bålet.

23. Fyrst sette dei opp ei lang rakleg ungbjørk med lauvdusk (krans) i toppen. Bjørka vart sett fast med store steinar lagde innåt stammen. Sume kalla denne ~~24.~~ bjørka for "kallen".
24. Det var turr einer dei nytta til brenne-emne. Det treslaget er det så mykje av her.
25. Dei hadde ikkje noko anna enn bjørka (kallen) som vart brend på bålet.

Korleis dei fekk bålvyrke.

26. Dei nytta berre einer og avfall frå skogen til bålvyrke.
27. Det var ikkje aktuelt at alle skulle yta noko til bålet.
28. Dei hogde eineren på laglegaste staden uten å ~~sør~~ spørja kven som åtte han
29. Det var ikkje nokon brannskatt.
30. Sume ~~vilde~~ år har det nok vore dei som har fått tak på ei kjøretunna som dei har kveikt i og ført ut på fjorden, men dette er ingen tradisjon i bygdene her og har heller ikkje vore det.

Korleis bålet skulle vera.

31. Jonsokbåla var dei største og mest fore-seg-gjorde.
 32. Det var ei ære (grunt) å ha det største bålet.
 33. Bålet skulle brenna med stor flamme og lysa så sterkt som mogeleg.
 34. Har ikkje høyrte noko om at jonsokbåla skulle ryka mest mogeleg. Men når dei "daura" løysingsdagen for kyrne, då var det om-og-gjera at det var mest mogeleg med røyk.
 35. Ein har ikkje høyrte om at det skulle spruta gneistar frå båla.
- Kva båla skulle tena til.
- Ein har ikkje høyrte noko om dette, spørsmåla 36, 37, 38, 39 fell såleis bort.

Sjølve festen.

40. Ein hadde jonsokmorro ved bålet.
41. Det var slik i eldre tid at ungdomen heldt seg ved bålet, og dei eldre sat heime og festa på sin måte.
42. Dei heldt seg ved bålet medan det brann, og så leika dei ei stund etter-på
43. Dei hadde drikke med seg, men ingen niste. Det var brus dei drakk, var det nokon som hadde alkohol-drikke, gøynde dei seg helst bort og drakk det.
44. Sjølve festen med mat og drikke - og dans - gjekk helst for seg på ein låve. Festmaten var alltid rjomekulle med kringler, kaker og lefser til.
45. Einskilde prøvde nok å hoppa over det nedbrende bålet.
46. Det var mest som ein leik som høyrde til å sringa gjennom røyken. Det var likeeins når ein "daura" for kyrne.

47. Ein veit ikkje om at nokon tok kol frå bålet og gøymde
48. Ein veit ikkje om serlege skikkar eller truer i samband med bålbrekking.

Skikken i dag.

49. Bålbrekkinga her i bygda her berre ein tradisjon og slik har det vore attende i tida så lang ein veit.
50. Skikken med å brenna bål har helst minka samanlikna med 40 - 50 år sidan.
51. Grunnen til dette kan vera at her er mindre ungdom på bygdene. Så er det dei store dansefestane med bilturar til og frå som dreg ungdomen bort frå det gamle. No er det mest berre borna som samlast ved jonsokbåla, og det er å vona at desse vil halda denne tradisjonen oppe i framtida.